



Jens H N Bjordal  
Jens Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/1663 - 21/32357

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
11.05.2021

## Igangsettingsløyve med endringsløyve for oppføring av tomannsbustad - gbnr 309/28 Hjertås

**Administrativt vedtak:** Saknr: 566/21  
**Tiltakshavar:** Meland Bygg AS  
**Ansvarleg søkjar:** Jens H N Bjordal  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av tomannsbustad på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve for samla utomhus og VA-anlegg på gbnr 309/28 av 23.11.18 i sak 18/2440 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Rammeløyve av 11.06.19 i politisk vedtak PS 54/2019 i sak 18/664 med vilkår for oppføring av 2 tomannsbustader med dispensasjon gjeld for tiltaket.
3. Igangsetjingsløyve for delar av tiltaket av 16.08.19 i sak 18/664 med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 b) vert det gjeve løyve til endring av ansvarsrettar for oppføring av tomannsbustad på følgjande vilkår:

1. Oppdatert gjennomføringsplan med alle ansvarshavande skal sendast før igangsettingsarbeid skal startast.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA-anlegg.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.
3. Utomhus med leikeplass, VA-anlegg skal vere ferdigstilt.
4. Avfallsrapport på nybygg på bruksareal på over 300 m2 skal sendast inn.

## **Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket tomannsbustad (hus 1 og 2) med utomhus, veg, avkjørsel.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune har i vedtak PS 54/2019 av 11.06.19 gjeve rammeløyve for 2 tomannsbustader. Rammeløyve for samla utomhus og VA-anlegg på gbnr 309/28 er gjeve i sak 18/2440 den 23.11.18.

Igangsetjingsløyve for delar av tiltaket: utomhus, etablering av veg med avkjørsel, grunn-og terrengarbeid, riving av hytte vart gjeve 16.08.19 i sak 18/664.

Det vert elles vist til søknad om endring av ansvarsrettar motteken 17.02.21 og 07.05.21 og søknad om igangsetjingsløyve for resten av tiltaket og endring av nokon ansvarsrettar, motteken 07.05.21.

## **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.05.21 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

## **VURDERING av endringar**

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tidlegare ansvarleg søkjar Byggmester Steinar Thunold har døde i 2020 og ny ansvarleg søkjar Jens H.N.Bjordal med organisasjonsnummer 919752157 har overtatt funksjon som ansvarleg søkjar i prosjektet.

Det er i tillegg søkt om nye ansvarsrettar for utføring av tømrararbeid, prosjektering og utføring av ventilasjonsarbeid, kontroll av våtrom og lufttettheit. Erklæringar om ansvarsrett er motteken 17.02.21 og 07.05.21. Gjennomføringsplan er motteken 07.05.21, men skal oppdaterast med resterande ansvarsrettar.

## **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1663

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Meland Bygg AS

Melandsvegen 5919  
279

FREKHAUG

### **Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Jens H N Bjordal

Grønlandsvege 5918  
n 11

FREKHAUG